

Nr	Kommune	Søkjer	Prosjektnamn	Tiltak skildring (frå søkjar)	Kostnad	Søknadssum	Tilskot
1	Austrheim	Årvika/ Vardetangen	Infoskilt - kuturminner området Årvika/Vardetangen	Populært turområde i nærleik til det opparbeida friluftsområde Årvika med toalett. Over 19 000 besökande hittil i år. Fonnes Bygdalag ønsker å skilte og informere om aktivitetane som gjekk føre seg i området i "gamle dagar"	87 985	49 985	49 000
2	Bømlo	Bømlo turlag	Baståsløypa	3 ulike rundløyper som vert godt brukt fram til 2012. Vegutbygging og minsking tilgjenge har gjort område lite brukt. No ønsker Bømlo Turlag å skilte hovudløypa om til 3 rundløyper.	72 468	72 468	48 000
3	Bømlo	Bømlo Tur- og Sogelag	Tursti Eide, Roaldsfjorden, Sætre	Oppgradering av tursti med infotavle, skilt og merking. Dette er ei rundløype som er sett saman av fleire etappar og passar for brukarar i alle aldrar. Barnehage, skuleelevar og pensjonistar pluss alle andre som likar å gå på tur.	70000	69 500	50 000
4	Fitjar	Fitjar kommune	Turløype Moahagen	Turløypa Moahagen er ein universelt utforma turveg langs elva på Moahagen. Området ligg nær busstopp. Fitjar kommune ønsker å tilrettelege meir i eit område som har stort brukspotensiale for alle.	15 500	14 300	14 000
5	Granvin	Granvin turlag	Kistenuten og Hondalsnuten	Merking og skilting til Kistenuten og Hondalsnuten i Granvin. Turane er ikkje nærturar, men dei er med å auke interessa for turar i granvin i alle aldrar. Samstundes vert turane skilta og merka for å auke tryggleiken for dei som ferdast i fjellet i Granvin kommune.	245 000	77 000	77 000
6	Kvinnherad	Rosendal turnlag	Turskilt Rosendal 2018	I Rosendal er det svært mange korte og lange rundløyper, men pr i dag er dei ikkje merka frå sentrum. Vi ønsker å skilte for å auke bruksverdien og for å gjera tilreisande og fastbuande merksame på dei mange rutene som finst og kombinasjonar av desse. Vi ønsker også å setje opp informasjonstavler med oversikt over rutene og lage eit kart som viser rutene i området. Prosjektet er eit samarbeid mellom Rosendal Turnlag, turgruppa og Kvinnherad kommune, turistkontoret.	315 000	205 000	160 000
7	Ullensvang	Bergen og Hordaland Turlag	Skilting av turstier Husedalen - Stavali	Det skal settast opp infotavler om fossestien opp Husedalen mot Stavali turisthytte. Det er en viktig innfallsport til Hardangervidda langs T-merka sti. Det er stort besøk i Husedalen særleg opp mot Nykkjesøy og Søtefoss også blant turister og der trengs ytterlegare informasjon om turen og sjåverdighetane. Arbeidet vil bli gjort i samarbeid med grunneigarar og Ullensvang kommune. Vedlikehold av Bergen og Hordaland Turlag/DNT. Infotavlene vil gje auka marknadsføring av eit område Turlaget og reiselivet allereie har stort trykk på.	62 000	52 000	37 000
8	Ulvik/ Voss	Mjølfjell Vel	Mjølfjell Sør del 2	Mjølfjell har mange stiar kor dei aller fleste ikkje er merka med skilt. For å gjer området meir tilgjengeleg har Mjølfjell Vel eit ønske om å merke området med skilt. Det søkast det no om pengar til å merke området Mjølfjell Sør og Ljosanden. Dette er eit populært turområdet med fangstgraver, stølar, buføringsvegar og andre kulturminner tilbake til middelalderen. I tillegg til den «nyeste» av Bergen Turlag sine hytter (BT hytten), Grindaflethytten (DNT), Kårdal pensjonat, Mjølfjell ungdomsherberget, Katteli og Upsete fjellstove. Området er brukt både sommar og vinter av både hytteeigarar (om lag 500 hytter) og dagsturistar i tillegg til skular, barnehagar og idrettslag. Området er lett tilgjengeleg med både bil og har gode togforbindelser.	141 250	141 250	90 000
9	Vaksdal	Vaksdal kommune/ Vaksdal idrettslag	Kulturminnesti Vaksdal	Skilting og infotavler i Vaksdal. Dei fleste punkt er midt i bygda, der folk oppheld seg, med start ved buss-/kollektivknutepunkt ved Vaksdal Senter / senterparken. Vaksdal IL står for val av pkt og etablerte eit undervisningsopplegg som Vaksdal skule gjennomførte i alle trinn. Saka var før sommaren stor snakkis i bygda, og i Vaksdalposten. Prosjektet har hatt den ønska effekten med å rette fokus på den spennande og varierte historia til bygda, allereie før stien er etablert. Dette er vi veldig nögd med. Oppsetjing av skilt vart noko forseinka, men materialet/innhaldet siktast nå i idrettslaget. Kommunen er kun støttespelar og forvaltar av midlar. Vaksdal IL er forventa å setje opp turpostkasse når stien er etablert, slik dei har gjort med andre stiar i kommunen.	46 590	25 590	25 000

9				1 055 793	707 093	550 000
---	--	--	--	-----------	---------	---------

Vurdering

Opparbeida tursti til Vardetangen som vert mykje nytta. I 2018 fram til september har 19 000 personer gått turen. Årvika friluftsområde ligg i samme område og det er såleis toalett i nærleiken. Området har fleire kulturminner og ein rik opplevelsesverdi for heile familien.

Rundløyper var høgt prioritert, samt at område er mykje nytta. Ved auka tilrettelegging vil terskelen for bruk av området gå ytterlegare ned. Potensiell stad for aktivitetsmålar.

Rundløype som er mykje nytta av folk i alle aldrar - både organisert og uorganisert.

Området har gode opplevingsverdiar, lett tilkomst og skilting vil auke interessa for området. Stort brukspotensiale for alle. Fullt tilslagn er naudsynt for å få til prosjektet.

Prosjektet er ei vidareføring av søknaden i 2017. Tiltaket er kopla opp mot stølstrim som er godt motteke frå grunneigarane. Løypene vert skilta og merka for å auke tryggleiken for dei som ferdast i fjellet i Granvin kommune.

Skilte for å auke bruksverdien av rundløyper frå sentrum. Det vil gjere tilreisande og fastbuande merksam på dei mange rutene som finnast og kombinasjonar av desse frå sentrum. Eit godt sentrumsnært tiltak. Får ikkje tilskot til turkart då det er spelemiddelberettiga.

Innfallssport til Hardangervidda langs T-merka sti. Det er stort besøk i Husedalen særlig opp mot Nykkjesøy og Søtefoss også blant turister og der trengs ytterligere informasjon om turen og sjåverdigheitane.

Populært turområde brukt av dagsturistar, skular, barnehagar og idrettslag. Område har mykje kulturhistorie og opplevingsverdiar som aukar løypa sitt potensial, men manglar skilting. Området er ikkje nærturterren, men ellers eit godt tiltak.

Tiltaket har nærleik til der folk bur og oppheld seg. Tiltaket sett fokus på mange ulike nye turar i nærmiljøet. Eit godt nærmiljøtiltak som er breitt forankra.

